

ETISKE RETNINGSLINER

FOR SANDE KOMMUNE

§ 1

Sande kommune legg stor vekt på å vere redeleg, ærleg og open i heile si verksemd. Både folkevalde og tilsette har ansvar for å etterleve dette prinsippet. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt spesielt høge krav til den enkelte medarbeider si etiske haldning i arbeid for kommunen.

Alle har plikt til lojalt å halde seg til lover, forskrifter og reglement som gjeld for Sande kommune si verksemd. Dette inneber også at alle i sin arbeidssituasjon skal halde seg lojalt til lovleg fatta vedtak.

Alle har også eit sjølvstendig ansvar for å ta opp forhold ein får kjennskap til på arbeidsstaden, som ikkje er i samsvar med kommunen sine etiske retningsliner.

§ 2

Sande kommune set strenge krav til medarbeidarane si framferd og handlemåte slik at ingen skal kunne tvile på om tilsette er rettskafne og har integritet.

Medarbeidarar skal vere bevisst på at dei dannar grunnlaget for innbyggjarane si tillit og haldning til kommunen. Dei skal difor ta aktiv avstand frå og kjempe mot uetisk forvaltningspraksis.

Arbeidstida er den tida arbeidstakar står til disposisjon for arbeidsgjevar. Medarbeidarar skal ikkje utføre private oppdrag i arbeidstida.

Leiarar på alle nivå har eit særleg ansvar for å tydeleggjere og skape aksept for etisk forsvarleg adferd og legge tilhøva til rette slik at ein kan praktisere dette.

For at Sande kommune skal bli oppfatta som ein serviceorganisasjon er det avhengig av at vi har full tillit hos kommunen sine innbyggjarar. Tillit er ikkje noko som kan byggast opp ein gong for alle, men noko som kommunen kontinuerleg må arbeide for og gjere seg fortent til.

Brot på reglane påfører kommunen betydeleg skade og vil i alvorlege tilfelle ikkje vere forenleg med fortsatt tilsetting i Sande kommune.

§ 3

Forvaltningslova gir bestemmelser om habilitet som gjeld for alle tilsette i kommunen. Alle som arbeider med saksbehandling i kommunen må gjere seg kjent med denne lova og arbeide i samsvar med lova sine bestemmelser.

Kommunen sine folkevalde og tilsette skal unngå å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser. Dette kan også gjelde tilfelle som ikkje kjem inn under forvaltningslova sine habilitetsbestemmelser.

Dersom personlege interesser kan påvirke avgjerda i ei sak ein har fagleg ansvar for eller deltek i behandlinga av, skal ein ta dette opp med overordna.

Eksempler på slike moglege interessekonflikter kan vere:

- * Forretningsmessig forhold til tidlegare arbeidsgivar eller kollegaer
- * Løna bierverv som kan påvirke arbeidet ein har i kommunen
- * Engasjement i interesseorganisasjon eller politisk verksemd som berører forhold som den enkelte arbeider med i kommunen og som kan føre til lojalitetskonflikt
- * Personlege økonomiske interesser som kan føre til at vedkomande arbeidar kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i forhold til kommunen si verksemd
- * Familie- og andre nære sosial forbindelsar

Medarbeidarar i Sande kommune pliktar å informere arbeidsgivar om bistilling eller bierverv vedkomande har eller seinare tek på seg. Gjeldande tilsetjings- og arbeidsreglement har ytterlegare bestemmelser om dette.

§ 4

Alle medarbeiderar i Sande kommune er pålagt teieplikt etter forvaltningslova § 13.

Teieplikta gjeld også etter at vedkomande har avslutta tenesta eller arbeidet. Han/ho kan heller ikkje nytte opplysningar underlagt teieplikt i eiga verksemd eller i teneste eller arbeid for andre. I tillegg til forvaltningslova sine reglar om teieplikt gjeld bestemmelser i ulike særlover.

Fortrulege opplysningar som ein mottek i samand med behandling av saker i kommunen, må respekterast og ikkje brukast til personleg vinning.

Sande kommune forventar at kommunen sine medarbeidrarar medverkar til å gje korrekt og fullstendig informasjon om kommunen si verksemd og ulike tenester.

All informasjon som vert gitt i arbeid for kommunen, skal vere korrekt og påliteleg og ikkje med hensikt ha tvetydig formulering.

§ 5

a) Personlege fordelar

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar av ei art som kan påvirke, eller vere eigna til å påvirke handlingar, saksførebuingar eller vedtak.

Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, slik som reklamemateriell, blomar o.l. Gåver omfattar ikkje berre materielle gjenstandar, men også andre fordelar, f.eks. i form av personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester.

b) Gåver

Tilbod om "gåver" for å ta eit bestemt standpunkt i enkeltsaker skal avslåast og rapporteras via nærmeste overordna til Rådmann/Ordførar og kommunerevisjon.

Ved tilbod om gåver o.l. som har eit omfang som går ut over desse retningslinene, skal nærmast overordna kontaktast. Mottekne gåver skal ein returnere til avsendar saman med eit brev som gjer greie for kommunen sine reglar om dette.

Gåver og merksemrd til tilsette går fram av eige reglement.

c) Representasjon

Moderate former for gjestfrihet og representasjon høyrer med i samarbeidsforhold og informasjonsutveksling. Grad av slik merksemrd må imidlertid ikkje utvikle seg slik at den påvirkar beslutningsprosessen, eller kan gje andre grunn til å tru det.

Invitasjon til middag/lunsj arrangert av leverandører/potensielle leverandører skal takast opp med nærmeste overordna.

d) Reiser

Reiseutgifter i samband med utføring av teneste skal dekkast av kommunen. Unntak frå dette prinsippet kan berre skje etter særskilt vedtak slik;

- Reiser betalt av potensielle leverandørar i samband med innkjøp, skal rapporterast til Rådmannen som avklarer med politisk organ.
- Øvrige tenestereiser som skal betalast av andre vert å avklare med etatsjef.

Slike reiser skal ha ei klar fagleg forankring, og må ikkje har karakter av rein "kundeoppfølging".

e) Innkjøpsrutiner

Sande kommune skal utarbeide ein innkjøpsinstruks og instruks for kontrahering av bygge- og anleggsarbeid som skal danne grunnlag for kommunen sine rutiner på innkjøpsområdet.

Sande kommunen sine attestasjons- og tilvisingsrutiner skal følgjast i detalj.

Dersom det gjennom eit år vert mange "strøjobbar", skal det vurderast å innhente pristilbod for å unngå at det vert kjøpt tenester frå eitt firma av "gammal vane".

f) Rabattordningar

Medarbeidarar i Sande kommune kan gjere seg bruk av rabattar gitt av firma som på bakgrunn av kundeforhold til Sande kommune gir slike rabattar.

Ein føreset at like rabattar vert gitt til samtlege tilsette. Det skal vere utarbeidd ei tilgjengeleg oversikt over bedrifter som gir slike rabattar til alle tilsette.

Medarbeidarar i Sande kommune skal ikkje nytte kommunen eller kommunen sitt namn for å oppnå spesielle betalings- eller leveringsbetingelsar i samband med personleg innkjøp hos kommunen sine kundar eller leverandørar.

Eventuelle bonusreiser som kan oppnåast hos reisebyrå eller flyselskap skal tilfalle kommunen og ikkje den enkelte arbeidstakar.

§ 6

Bruk av kommunen sine maskiner, bilar og anna utstyr kan berre skje etter løyve frå overordna.

§ 7

Ureglementerte forhold og mistanke om slike skal rapporterast til nærmeste overordna som tar saka opp med etatsjef/Rådmann. Oppfølging av slike saker skal rapporterast til kommunerevisjonen.

§ 8

Leiarar på alle nivå har eit særleg ansvar for å følge opp at medarbeidarar er kjende med og etterlever kommunen sine etiske retningslinjer.

Einkvar medarbeider i Sande kommune skal informere og søke råd hos nærmeste overordna i saker som kan ha innverknad på kommunen sin vørdrnad og den tillit kommunen nyt i ulike samanhengar.

§ 9

Tidlegare tilsette i Sande kommune som er oppsagt eller har fått høve til å seie opp sjølv på grunn av klanderverdige forhold, skal ikkje gjevast ny tilsetting i Sande kommune.

Ingen medarbeider i Sande kommune skal nytte si stilling til å påvirke vurderinger i tilsettingssaker slik at det skjer ei favorisering på grunnlag av andre kriterier enn dei som er direkte relevante for den aktuelle stillinga, eksempelvis favorisering ved medlemskap i fagforening, av nærståande venner, kundar eller forretningsforbindelsar.

Sande kommune har ingen spesielle reglar for familietilsettingar. Det må derfor i kvart enkelt tilfelle vurderast om familietilsettingar vil kunne føre til uheldige forhold på arbeidsplassen. I ei slik vurdering må det leggast spesielt vekt på kva for økonomiske verdiar som er involvert for kommunen og om familieforholdet kan tenkast å påvirke kontroll- og tilsynsfunksjonen. Det skal også leggast vekt på moglege verknader for arbeidsmiljøet.

Etiske retningsliner for Sande kommune er vedtatt av Sande kommunestyre i møte den 07.02.96, sak 96/0011.